

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 10.12.2020

### SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- GODKJENNING AV SLUTTREKNESKAP FOR BUSTADFELT EIVINDVIK, UMLEIGEBUSTADER I EIVINDVIK, ÅNNELAND VASSVERK OG GANG- OG SYKKELVEG SAMT AVLØPSSANERING NESEVÅGEN.
- KOMMUNAL PLAN FOR FYSISK AKTIVITET, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2019 - 2022
- GODKJENNING AV PROSJEKT 4226 HINDERLØYPE OG PROSJEKT 4227 BULDRE-/KLATREANLEGG MED LYS PÅ UTEOMRÅDET VED BYRKNES BARNEHAGE OG SKULE
- REVIDERING AV SELSKAPSAVTALE NORDHORDLAND UTVIKLINGSELSESKAP IKS
- REVIDERING AV SELSKAPSAVTALEN FOR REGION NORDHORDLAND HELSEHUS IKS
- SØKNAD OM TILLEGGSLØYVING ETABLERING AV ØVINGSFELT FOR BRANN OG BEREDSKAP
- FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2021
- BUDSJETT 2021 MED HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2021-2024 - SLUTTHANDSAMING

Stad og tid: På grunn av usikkerheit om framtidige smitteverntiltakingar, er stad for møtet ikkje sett. Møtet kan bli digitalt, men vi håpar å kunne unngå det. Møtestad vil gå fram av Gulen kommune si heimeside.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordførar

### Frå ordføraren

Kjære alle.

Først vil eg få takke dykk alle for at de lojalt sluttar opp om dei tiltaka vi har når det gjeld å førebygge smitte av korona. Det er store



inngripen i det daglege vi no må igjennom, men dersom vi no er strenge og tilpassar oss desse anbefalingane, så har vi håp om at vi skal kunne feire jul i lag med storfamilien. Vi har hatt nokre tilfelle av korona her i kommunen i det siste, men vi har heldigvis handla raskt slik at det ikkje har fått breidd om seg.

Men her skjer no heldigvis også mykje kjekt i kommunen: Barnehagen på Byrknes er snart klar til innflytting, og vi er glade for at vi har fått den på plass. Det vert eit flott bygg, og ei framtidretta utbygging for å møte den utviklinga vi håpar kjem i den delen av kommunen.

Vi har ein ny ambulansetasjon under planlegging på Dalsøyra. Det er kommunen som bygger, og så leiger vi ut til Helse Bergen. Det vert også plass til ny garasje og opphaldsrom for brann og redning i same bygget, så dette vert bra, vi reknar med å ha den ut på anbod i nær framtid.

Vi har også skrive kontrakt med Telenor om utbygging av resten av kommunen når det gjeld fiber. Vi skal ha eit oppstartmøte like over nyttår, og arbeidet skal vere ferdig i løpet av 2021. Då skal alle (med nokre få unntak) fastbuande og bedrifter få tilbod om fiber. Dette er svært gledeleg at vi har fått på plass i ein så spreddbygd kommune som Gulen, og tida vi har vore igjennom med mykje heimekontor, heimeundervisning og møter over nettet har vist oss at dette er viktig.

No er det budsjettet som vi jobbar med, og sjølv om vi dei siste åra har hatt store inntekter, så er det vanskeleg å få endane til å møtast. Vi må bruke av sparspengane våre for å få det til. Men vi har det godt i Gulen, og eg håpar at vi også i framtida kan ha gode tenester til alle i kommunen vår. Så vil eg få ynskje dykk alle ei God Jul, og eit Godt Nyttår og inderleg håpe på at vi kan samlast trygt i lag med familiane våre.

Helsing  
Hallvard Oppedal

## Kunngjering

Handlings- og økonomiplan 2021-24 med budsjett 2021

Forskrift om gebyr, avgifter, husleiger osv. 2021

Framlegg til desse sakene ligg til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen i kommunehuset og på heimesida.

Fram til og med **09.12.2020** er det høve til å kome med merknader til sakene. Merknader kan sendast til kommunen anten per post eller e-post.

## Høyring

Ny forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall (renovasjon) for NGIR-området.

Forslag til ny renovasjonsforskrift for NGIR-området er lagt ut på Gulen kommune sine heimesider.

Høyringsuttale skal sendast skriftleg og helst elektronisk til NGIR: [post@ngir.no](mailto:post@ngir.no) eller per post til:

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS,  
Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin.

Høyringsfrist er 10.01.2021.

## Info frå Plan, landbruk og teknisk

### Reguleringsplan for bustad på Ortneset

Det er varsla oppstart at reguleringsplan for bustad på Ortneset. Målet er å leggje til rette for eit nytt bustadfelt med eine- og fleirmannsbustadar nordvest for vegen, samt å betre tilgangen og bruken av Bruhamna. Dette er ein viktig plan for vidare utvikling av Brekkeområdet, der det ikkje er mange alternativ for sentrumsnær bustadbygging.

Det er Asplan Viak som gjennomfører planarbeidet for kommunen. Meir informasjon finn du på Gulen kommune sine heimesider.

### Landbruksplan for Gulen

Tidlegare i haust vedtok politikarane Landbruksplan for Gulen kommune. Den seier noko om status for landbruket i kommunen, samt at den ser på

moglegheiter og utfordringar for utvikling og vekst. I det komande kommunestyremøtet skal det handsamast ei sak som gjeld økonomiske støtteordningar som skal motivere til at Gulen også i framtida vert ein aktiv landbrukskommune.

### Reguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom Hovden og Steine

Reguleringsplan for gang- og sykkelveg mellom Hovden og Steine er lagt ut til første gongs høyring. Den skal gjere det tryggare for mjuke trafikantar å bevege seg langs vegen på ei strekning som kan vere trafikkfarleg.

Planen vert utarbeidd privat av Eidsbotn Vel.

### Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland

Arbeidet med å utforme ein interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland er starta opp, og det vert jobba med å lage ferdig eit planprogram som skal ut på høyring før jul. Planen skal gjelde all aktivitet i sjøen, både næring og fritidsbruk. Alle relevante aktørar vil verte involverte.

### Auka satsing på Leve heile livet og folkehelse

Det er lyst ut ei 30% prosjektstilling internt som skal ha ansvar for at målsettingane i «Leve heile livet»-reformen og folkehelseomsyn vert jobba inn i samfunnsplanen på ein god måte. Leve heile livet er ein reform frå regjeringa som skal sikre eit aldersvennleg samfunn. Den som tiltrer stillinga vil også ha ansvar for å oppdatere kommunen sin plan for folkehelse. Frist var 16.11.2020.

## Info frå Gulatinget

### Gulatinget - landslovforedrag ut over hausten

Vi minner om at vi ikkje er heilt ferdige med Landslovprosjektet enno.

Vi har ei rekke Landslovforedrag som er publisert på Gulatinget sin nettside [www.gulatinget.no/arrangement](http://www.gulatinget.no/arrangement)

Og fleire foredrag av profilerte foredragshaldarar kan du få med deg ut over hausten.

På grunn av Covid 19 har vi i 2020 lagt opp til digitale forelesningar i staden for det vanlege Gulatingseminaret.

Foredraga vert knytt opp til tematikken i Landslovutstillinga «Miserabiles personae –

dei svake i samfunnet» som i sommar vitja Gulatinget.

Vi har til no hatt foredrag som har sett på Landslova i eit historisk lys.

Framover vil vi sjå på korleis status er for «Miserabiles personae Anno 2020»

**Følgande profilerte foredragshaldarar og samfunnsdebattantar vil halde digitale foredrag på Gulatinget ut over hausten:**

### 1. Tor Bernhard Slaathaug

Generalsekretær i Stiftinga «Rettferd for taperne» (no «Rettferd»)

**Tittel: «*Dei utsatte i dagens samfunn*»**

### 2. Jan Fridthjof Bernt



Foto: Eivind Senneseth

Professor emeritus, Det juridiske fakultet (UiB)

**Tittel: «*Er beretninga om den barmhjertige samaritan ei trussel mot demokratiet?*»**



### 3. Lubna Jaffery

Byråd for arbeid, sosial og bolig, Bergen kommune

**Tittel: Under utarbeiding**



Foredraga som har vore kan du sjå på [www.gulatinget.no](http://www.gulatinget.no)

Foredraga som kjem vert publisert på Gulatinget sine Facebookside

<https://www.facebook.com/gulatinget>

### Kystpilegrimsleia frå Egersund til Trondheim

Ei spektakulær og vakker reise langs kysten med fjordar, øyer, holmar og skjær – ei saga frå viking til pilgrim. Slik presenterer kystpilegrimsleia seg for den moderne pilegrimen.



Foto: [www.sunnivaseglas.no](http://www.sunnivaseglas.no)

Det gjekk fleire vegar til mot Nidaros for pilegrimane i mellomalderen, men ein av dei viktigaste og kanskje mest brukte ferdselsvegane til Olav den heilage sitt skrin var langs kysten – kystpilegrimsleia. Pilegrimsreisene til Olav den heilage si grav byrja kort etter 1030. Reisa starta i Egersund og enda ved nasjonalheilagdomen Nidaros domkyrkje i Trondheim. Både norske og utanlandske pilegrimmar valfarta langs kystleia til Nidaros, som var det viktigaste pilegrimsmålet i Nord – Europa fram til reformasjonen i 1537.

I dag brukar dei fleste å kombinere sine reise langs kystpilegrimsleia med båt, buss og vandring. Ja til og med sykkel kan brukas på ein del av strekningane. Kystpilegrimsleia har vald å ha fire Regionale pilegrimssenter (RPS)

- Pilegrimssenter Avaldsnes
- Pilegrimssenter Bergen
- Pilegrimssenter Selje
- Pilegrimssenter Smøla



Foto: [www.sunnivaseglas.no](http://www.sunnivaseglas.no)

Kystpilegrimsleia har gjennom samarbeid saman med Riksantikvaren, fylkeskommunar, kommunar, Kyrkja den norske, og Nasjonalt pilegrimssenter vald å etablere 26 nøkkelstadar langs, kor pilegrimane kan oppleve stadar med stor historisk og kulturell verdi, og få stempel i pilegrimspasset. Eivindvik er ein slik nøkkelstad på Kystpilegrimsleia. Her inviterer vi pilegrimane inn i det kulturelle og historiske landskapet i vikingane og kristningskongane sine fotspor. Pilegrimsleia startar i Sollibotn og går via steinkrossane og kyrkja i Eivindvik, med Tusenårsstaden Gulatinget som endestopp. Vi arbeider med å få satt Borgstova i stand slik at vi kan få ein stad å ønskje pilegrimane velkomne til Gulen. Så mykje spanande arbeid på gang i kystpilegrimsleia.



Foto: [www.sunnivaseglas.no](http://www.sunnivaseglas.no)



Foto: [www.sunnivaseglas.no](http://www.sunnivaseglas.no)

Viss du ønskjer å vere pilegrimsvert så ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret eller Tusenårstasen Gulatinget.

*Bileta er frå Sunniva-seglasen 2020 i Eivindvik, som stod skrive om i oktoberutgåva av Kyrkjelydsbladet.*

### Gulatinget inn på KULA – lista

Gulatinget er foreslått som eit Kulturlandskap av Nasjonal Interesse (KULA). Dette er eit register oppretta av Klima og Miljødepartementet. Det er Riksantikvaren som koordinerer arbeidet med registeret, saman med Vestland fylkeskommune

Dei to tingstadane Eivindvik og Flolid, med omliggande vetesystem på fjella vert ein del av registeret.

Les meir om KULA her <https://www.riksantikvaren.no/prosjekter/kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-kula/>

### KULA og telegraflinja gjennom Rutledal

Telegraflinjene og telemontørane (kalt «graffarar») sin historie i Gulen kjem tydeleg til syne i landskapet, i form av fint oppsette linjer. Dei fortel om arbeidet, slitet og pionéranda som låg til grunn for den tidlegaste utviklinga innafor telekommunikasjon i landet. Dei viser den tidlege fasen av det skulle bli det moderne kommunikasjonssamfunnet. Alt starta med enkle signal, så fekk ein sprakande tale og telefon. Snart var det fastlinje i kvart hus. Linjene har fulgt med utviklinga og tent samfunnet heilt til vår tid, der vi bevegar oss frå koparlinje, via fiberoptikk, til trådlause signal via mobil og satelitt. Dei fint oppsette telegraflinjene kjem nøysamt men insisterande til syne i kulturlandskapet., og **er enno i drift 160 år etter at dei vart sett opp.**

Gulen var ein pionérkommune i utbygginga av dei første telegraflinjene i Noreg, og hadde flest telemontørar pr. innbyggjar i landet. På Allkunne.no kan vi lese at: «Frå

mest kvart einaste hus i Gulafjordane kjem det ein «graffar» - anleggsfolket som bygde telegraf- og telefonlinene her i landet. Fram gjennom tida har det kome eit hundretal telefonarbeidarar frå Gulen, og ingen bygdelag i Noreg har hatt så mange graffarar som



Gulen. Dalsøyra var eit slags senter for denne yrkesgruppa. Dei første gulingane som reiste på linebygging, deltok i reisinga av telegrafline over fjellet frå Lærdal til Aurland i 1876»

Vidare kan ein lese her at «I Sogn og Fjordane har graffaryrket hatt stor rekruttering særleg frå to bygdelag: Kjølsdalen i Eid kommune, og Dalsøyra i Gulen og bygdene ikring. I begge bygdelag har det vore arbeidslag med linjemontørar heilt frå 1800-talet. Frå Kjølsdalen kom det ei tid fleire arbeidslag som dreiv med linebygging og montering for Televerket. Men dei var ikkje så mannsterke som Gulen-laga»

Telemontørane frå Gulen sette opp telegraflinjer både i Noreg, og i utlandet. Det var mellom anna «graffarar» frå Gulen som i 1905 sette opp den første telelinja på Island, frå Seydisfjord til Reykjavik.

I Gulen vart det sett opp fleire anlegg gjennom kommunen. I tillegg til Rutledallinja, går det og ei forbi Eivindvik via Sollibotn til Dingja. Begge desse er i funksjon enno. Dei gamle telegraflinene er bytta ut med moderne kablar, men fleire stader får ein sjå sjølve «signaturen» til graffarane; dei fint oppbygde tørrmurane som montørane brukte for å støtte opp stolpane. Ein finn fine eksemplar på desse tørrmura soklane langs alle linene i Gulen.

Som synlege eksemplar på telekommunikasjonshistoria vår slik den kjem til syne i landskapet, ønskjer difor

Gulen kommune å spele inn ei av dei eldste linene i kommunen til KULA-registeret. Denne linja går også parallelt med, og kan sjåast frå Den Trondhjemske Postveg der den går over Rutledal og ned mot Sognefjorden. Statens Vegvesen har dei siste åra rydda og restaurert dei delane av vegen som ligg i dagen, slik at publikum kan fylgje delar av traseen. Nokre stader går Den Trondhjemske Postveg heilt inntil linja i Rutledal, og akkurat her er dei tørrmura soklane godt synlege.

Telegrafhistoria til Gulen og dei gamle linjene vert i desse dagar innarbeida i kommunen sin Kulturminneplan. I framlegg til handlingsplan knytt til kulturminneplanen er det foreslått skilting langs nokre utvalde linjer, spesielt ved einskilde av steinsoklane.

## Info frå Hukommelsesteamet

### Tilbod til personar med demens og deira pårørande

I Gulen kommune har vi ein god del tilbud til dei som er ramma av demenssjukdom. Dette er tilbud som både er kopla mot personen med demens samt for deira pårørande.

Noko av det ein kan tilby er oppfølging frå hukommelsesteamet, aktivitetstilbod ved dei fire bu- og omsorgssentera, dagsenter i Eivindvik, avlastingsplass på sjukeheim eller bu- og omsorgssenter, støttekontakt og meir. Ei fullstendig oversikt over tilboda finn ein på kommunen sine heimesider (sjå internettadresse nedanfor).



Kjelde:

<https://www.gulen.kommune.no/demens.256850.nn.html>

Har du spørsmål om demens?

**23 12 00 40**  
**Demenslinjen**

E-post: demenslinjen@nasjonalforeningen.no

Hukommelsesteamet i Gulen:  
Brita Eidnes, tlf. 90 14 92 84 og Synnøve B. Giil, tlf. 91 10 41 88

## Ei helsing frå Dalsøyra Aktivitets senter

Då har me fått «budd» oss godt til rette inn på det nye aktivitetssenteret ved Dalsøyra. Her trivast vi alle. Me som jobbar her er blitt eit godt team.

Brukarane som er her trivest. Her har me eit fast opplegg gjennom veka som blant anna er turar ved Dalsøyra og omheng. Når været tillèt det har me med oss lunsj og kosar ute i det fri. Me produsera og ein del varer for sal. Dette er blant anna dei super gode tennbrikettane våre, dekorerte lys, kort og mykje anna fint.



Aktivitetssenteret blir og brukt som ein base for dei som skal på jobb ut i nærområdet. Det er jobbar som Bunnpris i Sløvåg, gardsarbeid, Tveita Gardsmat, jobb ved kantina på Austrheim VGS og Matkroken på Dalsøyra. Elles reiser me fast onsdagar på symjng i Lavik. Det er ein av høgdepunkta i veka vår.

I anledning opninga av aktivitetssenteret var me so heldige å få ei flott pengegåve frå Bygdekvinnelaget på Dalsøyra. Av desse pengane har me kjøpt bålpanne og ei kjøkenmaskin. Desse har me brukt flittig so tusen takk for det.

Når korona kom, stengte aktivitetssenteret ned i mars og april. har ting blitt litt annleis. Og når me var so heldige at me kunne starte opp att var me alle veldig glad for det, og me ser kor mykje aktivitetssenteret har å bety for kvardagen til brukarane våre. Sjølv om korona gjere til at me må halde meir avstand og fokusere meir på hygiene og andre smitteverns reglar, fungera me godt og me har ein tilnærma «normal» dag saman med brukarane våre, sjølv om nokre av aktivitetane ikkje går som vanleg heilt enno.



I 2019 starta me ein ide og drøym om å ta med brukarane våre på ein ferie, ferie for alle. Me ynskjer å ta alle brukara i Gulen til

Solgården i Spania. I denne forbindelse var me so utruleg heldige at me fekk mykje god støtte frå det lokale næringslivet og vel rundt i Gulen. Til saman fekk me samla inn ein god slump med pengar, og draumen var nær, heilt til korona gjorde sitt inntog.... Me måtte utsette turen frå oktober 2020 til oktober 2021 i første omgang, me håpa verkeleg at me får reise i 2021!

Me vil gjerne få takka alle som støtta oss med penge gåver slik at me får gitt brukarane vår ein skikkeleg ferie som vil gi gode minner i lang tid. So tusen hjarteleg takk til; **Wergeland Halsvik, Gulen Pensjonistlag, Sætrellaks Eigedom, Norva24, Dalsøyra sanitetslag og formannskapet i Gulen kommune for støtta.** Me er evig takksame.

Me ved Dalsøyra aktivitetssenter ynskjer med dette alle ei riktig god adventstid og julefeiring! vis omsyn og varme til andre i denne tida. Alt blir bra!

Vennleg helsing frå  
Carolyn Westervik og resten av gjengen ved Dalsøyra aktivitet senter.

## Tips til julegåver

### Julekampanje på bygdebøkene for Gulen;

Gulen i gammel og ny tid (per bok) kr 250,-  
Gulen i gammel og ny tid I-III kr 600,-

Andre bøker for sal:

- Krigsminner frå Rutledal – kr. 100,-
- Kathinkas Jul – kr. 180,-
- Me måtte på sjøen (fiske – næring og tradisjon) - kr. 200,-
- Me skulle hjelpe kvarandre (omsorg og helsestell i førre hundreår i Gulen) – kr. 200,-
- Vi er historia (historia er i oss) – kr. 180,-

Vi har fleire bøker for sal sjå [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

Alle bøkene ligg for sal i ekspedisjonen på kommunehuset.





## Info frå Gulen Frivillingsentral

### Aktivitetstiltak for å førebyggje einsemd blant eldre

Gulen Frivillingsentral har søkt fylkesmannen om midlar til eit prosjekt der vi vil fokusere på aktivitetstiltak for heimebuande seniorar. I søknaden har vi lagt opp til sosiale treff der vi set opp transport, leiger lokale hos profesjonelle aktørar, ordner med underholdning og kanskje litt mat. Eit slikt treff kostar ein del om vi skal leggje alt til rette – og det kan vi no 😊 Vi mottok 300 000 kroner til prosjektet vårt, og jobbar no med ein plan ut 2021 for ulike aktivitetar



for dykk! Midlane vart lyst ut i forbindelse med situasjonen vi er i pga covid-19, og med god tilrettelegging

og godt fokus på smittevern skal vi lage til mykje kjekt når situasjonen roar seg litt att. Følg med når det kjem info om treff!



Foto frå samlinga me arrangerte på Skjerjehamn 2019.

### Utlån av turutstyr

Midlane sett av til markering av verdsgagen for psykisk helse kunne ikkje nyttast som planlagt i år. Dermed har me nytta dei til innkjøp av turutstyr. Å vere ute i naturen er sunt for vår mentale helse. Og ved å ha litt utstyr til utlån legg vi til rette for at alle som har lyst kan ta seg ein tur. Det einast vi

stiller som krav er at vi får utstyret tilbake til avtala tid og at det er teke godt vare på



slik at fleire får glede av det. Om det er klassen, kompisg jengen, familien,

eller om du vil vere åleine – utstyret står klart! Vi har lavvo med golv, stormkjøkken, fiskestenger, soveposar, liggeunderlag og tursekk.

Ta kontakt med Frivillingsentralen om du vil låne noko. God tur!

### Aktiv på dagtid

Ved hjelp av ivrige frivillige har vi klart å etablere turgrupper i Brekke, på Dalsøyra, på Eidsbotn og i Eivindvik. Aktiv på dagtid er eit tiltak for å stimulere til aktivitet for deg



som er heime på dagtid. Her kan alle som vil gå tur vere med. Hovudmålet er å utsetje behov for helsetenster.

Balansetrening, lett styrketrening, litt kondis, sosialt samvær, frisk luft – alt dette finn du i turgruppene. Fysioterapeut rettleiar i alle gruppene på omgang. Vi er veldig glade for å ha fått på plass dette tilbudet, vi ser at det er fine grupper som er ute på tur. Vi ynskjer rette ein stor takk til Miek Norman, Inger-Marie Hellesund, Magny Berg, Berit Tveit Solheim og Turid Westervik for innsatsen de gjer som turleiarar!



Tilbudet er for alle som har lyst å vere med, og inviter gjerne nokon du tenkjer treng ein liten motivasjon for å komme i gang. Her er det plass til alle! Det positive i dagens situasjon er at her er ein ute, kan halde god avstand, og tilbudet

kan vere der med tilpassingar til gjeldande smittevernreglar.

**Aktiv på Dagtid**  
TURGRUPPE

Oppstart veke 38

*Eivindørk*  
Onsdag kl 11:00 Flolidparken  
Kontaktperson: Miek Norman: 416 10 972  
Inger Maire Hellesund: 913 25 746

*Dalsøyra*  
Måndag kl 11:00 Dalsøyra Samfunnshus  
Kontaktperson: Magny Berg: 416 63 859

*Eidsbotn*  
Tysdag kl 11:00 Eidsbotn Grendahus  
Kontaktperson: Turid Westervik: 930 49 421

*Brekke*  
Måndag kl 11:00 Brekke treningssenter  
Kontaktperson: Berit Tveit Solheim: 995 19 199

Ta med mat og drikkje om du ynskjer.  
Me satsar på tur i all slags vær, så kle deg deretter.

Vell møtt

**GULEN FRIVILLIG SENTRAL**



Vi manglar eit tilsvarande tilbod i ytre del av Gulen. Ta gjerne kontakt med Gulen frivilligsentral om du vil bli turleiar 😊

### Ny portal for oversikt over lag og organisasjonar

Gulen.foreningsportal.no er ei ny nettside der vi held på å byggje opp ei flott oversikt over alle lag og organisasjonar i Gulen. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Hafs kommunane, så ein finn tilsvarande nettside for alle desse kommunane. Her skal vi alle få hjelp til å finne ut kva som finnst av tilbud i Gulen. Vi har no registrert inn alle lag som vi har på lista, har du eit lag eller gruppe du vil ha registrert inn så kontakt oss. Alle lag får tilsendt ein kode for å gå inn og redigere laget sin informasjon med meir utfyllande opplysningar. Når dette er på plass blir neste steg at alle melder inn sine aktivitetar så legg vi dei inn i ein kalender.

Vi som kommune vil heile tida ha oppdatert kontaktinformasjon til laget, vi sender ein link to gangar i året der de ved å følgje linken kjem inn på sida for å evt redigere leiar etter årsmøtet. Neste melding går då til ny leiar. Vi har stadig problem med å halde oversikt over kven som er leiar til ei kvar tid, så dette vil hjelpe oss der. Hovudmålet med sida er god info frå laga og oversikt over tilbuda, slik at vi alle kan sjå kva som skjer og kva ein kan vere med på om ein kjem til oss 😊 Ver med å lag di side interessant 😊

### Hjelp til å fylle ut reiserekningar

Vi har fått ei ny frivillig på laget 😊 Dette er Anabelle C. Butz, og ho hjelper deg å fylle ut reiserekning til Helfo/Pasientreiser. Ta kontakt med henne om tidspunkt ikkje passar, eller kom innom biblioteket første torsdag i kvar mnd. Ta med deg kodebrikke og evt dokumentasjonar. Vi har pc til utlån.

### Informasjon frå Gulen Taxi om turar til behandling/lege, pasientreise

Dersom du treng taxi til lege, behandling eller kontoll skal du gjera fyljande :

- 1) Opplyse lege eller behandlar om at du treng taxi.
- 2) Dersom behandlar meiner det same, legg den inn ei bestilling til Pasientreiser.
- 3) Ring Gulen Taxi 577 83100, eller di lokale drosje for å avtale henting (helst i god tid).
- 4) Sjåføren hjelper deg med utfylling og innsending av reiserekning. Me køyrer både tur og retur i dei fleste tilfelle.
- 5) Dei som ikkje har frikort må betale kr. 159,- i eigenandel kvar veg, enten det er til lokal lege eller behandling utanfor kommunen.

Gulen Taxi ynskjer alle Gulingar ei God Jul, og eit riktig Godt Nytt År !!!

Ta vare på kvarandre 😊

Helsing oss i Gulen Taxi  
Bente, Henrik, Ivar og Mina med sjåførar.

